

## TILSKOTSREGLAR BUSTADBYGGING PRIVAT -ETABLERINGSTILSKOT

Etableringstilskot blir fastsett til kr 400 000,- for einebustad og kr 600 000,- for einebustad med utleigeeining. For dei som kjøper eigen seksjonert leilegheit i bustadområde, eller andel i burettslag vert det gjeve kr 150.000,- i etableringstilskot.

Beløpa vert indeksregulert årleg med utgangspunkt i 01.01.2023.

- a. Tilskotet blir bare utbetalt til privatpersonar som byggjer hus for seg sjølv og sjølv bur i hovudleilegheiten.

Ved eigarskifte kan det søkast om tilskot til restaurering av våningshus på gardsbruk der kostnadsramma er over 1.500.000 (vedtak kommunestyret 28.04.16).  
Tilskotet vil bli utbetalt når det ligg føre ferdigattest.

Etableringstilskott blir ikkje gjeve til oppføring av hybelhus, utleigebygg eller bustader som blir bygt av det offentlege/organisasjonar.

For hus: Tilskotet blir utbetalt når det ligg føre ferdigattest.

For leilegheit: Tilskotet blir utbetalt til privatperson ved tinglyst kjøpekontrakt/seksjonering

- b. Tilskotet blir utbetalt til den som byggjer huset og har heimel til eigedomen.

Tilskot blir utbetalt når bustaden blir teken i bruk som sjølveigarbustad og ferdigattest er skriven ut. Tilskotet blir utbetalt til byggjelånsbank.

I samband med utbetaling av tilskot kan kommunen motrekne/gjennomføre trekk viss mottakar har skatterestansar eller andre kommunale krav.

- c. Det blir ikkje gjeve nytt tilskot til nybygg etter brann eller anna form for skade som blir dekkja av forsikringar.

Tilskotet blir berre utbetalt ein gong til same person.

- d. Blir det bruksendring av bustaden, t.d. til fritidsbustad innan 5 år etter at tilskotet er gjeve, skal heile tilskotet betalast tilbake, i tråd med konsesjonsgrense null.
- e. For at etableringstilskott kan gjevast blir det sett krav om at bustaden er fullfinansiert (inkl. tilskotet).
- f. Ved særlege høve kan formannskapet dispensere frå gjeldande regelverk.

## Tilskotsreglar bustadbyggjing – privat/spreidd

Tilskot **spreidd bustadbyggjing** blir gjeve etter gjeldande reglar og i tillegg til tilskott etableringstilskott.

Tilskot spreidd bustadbyggjing blir gjeve med kr. 40.000 for vatn og kr. 40.000,- for kloakk.

a) Tilskot for byggjing av private stikkleidningar fram til offentleg nett i bustadfelt/utanfor bustadfelt blir gjeve med inntil kr. 540,- pr. lm etter framlagde rekningar. Anlegget skal godkjennast før utbetaling skjer.

b) Tilskot til opprusting av eksisterande private vatn- og avlaupsanlegg blir gjeve med inntil kr. 20.000,- for kloakk og inntil kr. 20.000,- for vatn etter framlagde reikningar/kostnadsoverslag godkjent av plan og utvikling. Plan og utvikling må godkjenne anlegget. Bustad som får tilskot etter dette punkt, kan ikkje få nytt tilskott før etter 10 år. (Tilskotet fylgjer til ein kvar tid gjeldande budsjett).

Tilskot etter punkt b, gjeld anlegget og ikkje kvar husstand som er tilknytta anlegget. Viss fleire bustadbyggjarar går saman om eit vassforsyningsanlegg, skal søknaden vurderast særskilt utifrå dokumenterte utgifter.

Nærare sakshandsamingsreglar for tilskott blir delegert kommunedirektøren.

### Generelle vilkår

Eigar av bustaden må som privatperson vere registrert fastbuande i Bykle kommune før noko tilskot vert utbetalt.

## REGELVERK FOR UTBETALING AV ETABLERINGSTILSKOT

1. Tilskotet blir utbetalt til privatpersonar som byggjer hus for seg sjølv og bur i houeining. Etableringstilskot vert ikkje gjeve til oppføring av hybelhus, utleigebygg eller bustader som blir bygt av offentlege/organisasjonar.
2. Tilskotet blir utbetalt til den som byggjer huset og har heimel til eigedomen. Tilskotet blir utbetalt når bustaden blir teken i bruk som sjølveigarbustad.

Tilskottet blir utbetalt til byggjelånsbank.

Søkjaren må vere busett i Bykle kommune og registrert i folkeregisteret i kommunen i minimum 1 år før byggjestart.

3. Det blir ikkje gjeve nytt tilskot til nybygg etter brann eller anna form for skade som blir dekket av forsikringar.

Tilskotet blir berre utbetalt ein gong til same person.

4. Blir det bruksendring av bustaden, t.d. til fritidsbustad innan 5 år etter at tilskotet er gjeve, skal heile tilskotet betalast tilbake, for øvrig i tråd med konsesjonsgrense 0.
5. For at etableringstilskot kan bli gjeve blir det sett krav om at bustaden er fullfinansiert (inkl. tilskotet).
6. I samband med utbetaling av tilskot kan kommunen motrekne/gjennomføre trekk dersom mottakar har skatterestansar eller andre kommunale krav.